

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, møte 4.juni 2014

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Lov om vern mot tobakkskader - endringar i lovverk frå 01.07.2014

#### Bakgrunn

Stortinget vedtok 19.03.2014 endringar i Lov om vern mot tobakkskader. Endringane medfører mellom anna tobakksforbod i barnehagar og skular frå 01.07.2014. Tobakk omfattar både røyk og snus. Elevane skal vere tobakksfrie i skuletida. Det gjeld dessutan eit generelt tobakksforbod i skulen sine lokale og på skulen sitt område, heile døgeret. Elevane har etter dette ikkje lov å gå utanfor skulen sitt område for å bruke tobakk i friminutta, men kan gjere det i fritimar. Forbodet mot tobakksbruk for elevane er regulert i lova. I kraft av styringsretten kan arbeidsgivar, med nokre avgrensingar, pålegge dei tilsette som arbeider på skulane eit forbod mot bruk av tobakk i arbeidstida. Spørsmålet er om arbeidsgivar også har heimel til å påleggje dei tilsette som ikkje arbeidar i skular, samt dei folkevalde, eit liknande forbod.

#### Status for tilsette i fylkeskommunen før 01. 07.2014

**Alle møterom**, arbeidslokale og institusjonar der to eller fleire personar er samla skal vera røykfrie. Det vil seie at for fylkeskommunale bygg og leigebygg, som vidaregåande skular og liknande, så er det ikkje lov å røyke innandørs.

**Einskildkontor**, der andre enn brukaren sjølv ikkje treng å opphalde seg, fell utafor hovudregelen om røykfritt arbeidsmiljø. Føresetnaden for å kunne røyke på einskildkontor er at røyken ikkje siv ut i fellesareal eller til andre kontor.

**Kantine**, lunsjrom og liknande skal vere røykfri.

**For tilsette ved vidaregåande skular**, dei tilsette på skulane har ikkje eige reglement, men følgjer reglementet for tilsette i fylkeskommunen.

**Fagskulen i Sogn og Fjordane**, fagskulen er ikkje omfatta av endringane i tobakkskadelova. Fagskulestyret skal handsame sak om dette den 22. mai 2014, for å tilpasse skulereglementet for fagskulen til dei reglane som vil gjelde for dei vidaregåande skulane frå 01.07.2014.

**Arbeidsmiljøutval**, dei lokale arbeidsmiljøutvala har høve til å fastsetje strengare reglar om røyking enn det som er fastsett i lover og forskrifter.

Nokre skular har vedteke tobakksfritt skuleområde (røykarar må utanfor skulen sitt område), medan andre tillèt røyking på tilvist plass på skulen sitt område.

Sentraladministrasjonen gjorde i 2006 vedtak om at all røyking ved inngangane til Fylkeshuset var forbode. Det vart gjeve lov å røyke på altanen vendt mot Askedalen ( inngang ute frå inngangspartiet ved hovudinngangen ) og på altanen vendt mot riksvegen ( inngang frå kantina / møterom).

## **Endringar i lovverket gjeldande frå 01.07.2014 i tillegg til endringar for skular og barnehagar**

Frå 1. juli 2014 vil det ikkje lenger være lovleg med røykerom i arbeidslokale og offentlige lokale. Det er gitt enkelte unntak frå dette, mellom anna for enkelte institusjonar. Frå same tidspunkt vert det innført tobakksforbod i barnehagar og skular og røykfrie inngangsparti i helseinstitusjonar og offentlege verksemder. Også forbodet mot sjølvbetening av tobakksvarer trer i kraft frå dette tidspunkt.

**Røykerom.** Det er ikkje lenger lovleg med røykerom i arbeidslokale og offentlige lokale. Det er gitt nokre unntak frå dette, mellom anna for enkelte institusjonar til dømes internat.

**Enkeltkontor.** Desse skal vere røykfrie. Det er ikkje lenger i samsvar med den beskyttelse mot eksponering for tobakksrøyk som folk forventar når det gjeld arbeidsmiljøet, å tillate røyking på enkeltkontor. Det må også vektleggjast at det er langt færre røykarar i dag enn då forbodet mot røyking i arbeidslokalar blei innført i 1988, og at toleransen for å eksponerast for tobakksrøyk har blitt betraktelig redusert. Forbodet mot røyking på enkeltkontor vil ikkje gjelde for heimekontor.

**Røykfrie inngangsparti.** Frå 1.juli 2014 skal inngangsparti til helseinstitusjonar og offentlege verksemder vere røykfri.

### **Vurdering**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag røykeforbod innadørs i alle fylkeskommunale bygg og leigebygg. Dei tilsette har lov å røyke på tilviste plassar. Det er ikkje forbod mot å nytte snus i arbeidstida.

Frå 01.07.2014 skal det vere røykfrie inngangsparti ved offentlege bygg. Inngangspartia til t.d. fylkeshuset og Storehagen Atrium skal såleis vere røykfrie. Reint praktisk vil dette bety at eigar eller leigar må setjast opp skilt som informerer om røykeforbodet, samt at oskebeger og liknande vert fjerna frå inngangspartiet. Det er grunn til å rekne med helse og omsorgsdepartementet vil kome med forskrift som gjev nærare retningslinjer om kva som kan reknast som inngangsparti.

Når det gjeld tilsette i dei vidaregåande skulane, kan arbeidsgivar, med visse avgrensingar, i kraft av styringsretten innføre tobakksfri arbeidstid. I fylkeskommunen er det ikkje eige regelverk for tilsette i dei vidaregåande skulane.

I proposisjonen til endringane i tobakkskadelova omtalte departementet arbeidsgivar sin styringsrett i forhold til røykfri/tobakksfri arbeidstid. Departementet synte til at det var foreslått eit forbod mot tobakksbruk i skulen sine lokale og uteområde. Dette ville medføre at tilsette måtte bevege seg ut av skulen sitt område for å bruke tobakk. Utover dette ville departementet i denne omgang ikkje foreslå at skuletilsette sin tobakksbruk vart regulert gjennom lov, men støttar at arbeidsgivar sjølv fattar vedtak om dette. For ordens skuld vart det understreka at arbeidsgivar, med enkelte avgrensingar, står fritt til å pålegge tilsette ved skular å avstå frå all bruk av tobakk i arbeidstida då desse har et særskilt ansvar som rollemodell. Det bør vere unntak frå tobakksforbodet når den tilsette er på kurs, har heimekontor og liknande.

Arbeidsgivar kan ikkje nytte styringsretten til å gje same pålegg om tobakksforbod i arbeidstida til dei folkevalde eller til andre tilsette som ikkje arbeidar på skulane.

I Nordland fylkeskommune gjorde fylkestinget i 2013 vedtak om tobakksforbod som også omfattar tilsette i fylkeskommunen. Vedtaket er sendt til departementet for lovlegkontroll.

### **Oppsummering**

Dei nye føresegnene i tobakkskadelova, som vert sett i verk 01.07.2014, medfører slike endringar for dei tilsette i fylkeskommunen som går fram ovanfor.

Det er på det reine at arbeidsgivar både i kraft av styringsretten og som grunneigar har høve til å setje restriksjonar på bruk av tobakk i arbeidstida for tilsette og folkevalde utover det som følgjer av dei nye reglane i tobakkskadelova. T.d. må arbeidsgivar kunne forby røyking på all fylkeskommunal eigedom. Eit *generelt* forbod mot tobakksbruk i arbeidstida, uansett situasjon og kvar den tilsette eller folkevalde oppheld seg, har arbeidsgivar likevel ikkje høve til å gjere.

Fylkesrådmannen er, til fylkesutvalet si orientering, innstilt på å førebu ei sak for politisk handsaming hausten 2014 som dreiar seg om bruk av tobakk i arbeidstida for tilsette og folkevalde i fylkeskommunen.